

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 16/4783-1

Fv.337 ved Bjørnabakkane i Luster - Namn på ny tunnel

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

Med atterhald om positiv uttale frå Stadnamntenesta på Vestlandet, får tunnelen på fv. 337 ved Bjørnabakkane i Luster namnet Langanestunnelen.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

E-post frå tenesteleiar i Luster kommune av 7.juni 2016.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

I samband med bygging av ny tunnel til Veitastrond i Luster kommune må det fastsetjast namn på den nye tunnelen.

I følge stadnamnlova §5 er det fylkeskommunen som har vedtaksretten for namn på fylkeskommunale anlegg. Statens kartverk skal bli orientert om vedtak.

Historikk - tidlegare vedtak

Luster kommune har i e-post av 20.01.2015 gjeve uttrykk for at Bjørnabakktunnelen var det mest aktuelle namnet. Bjørnabakktunnelen er nytta som namn på ein tunnel på rv. 5 i Kjøsnesfjorden. Det kan ikkje nyttast det same namnet på to tunnelar. Dette ut i frå omsyn til tryggleik dersom det skulle skje ei ulykke i/ved desse tunnelane. Dette vart det opplyst om av Statens vegvesen i e-post til Luster kommune 19.12.2015, og i brev til Luster kommune datert 21.04.2016.

Sentrale problemstillingar

Luster kommune har handsama saka i møte 6.juni og gjorde følgjande vedtak, jf. vedlagde e-post frå Luster kommune:

«Rådmannen rår til at tunnelen forbi Bjørnabakkane på fylkesveg 337, Veitastrondsvegen, får namnet «Langanestunnelen»»

Statens vegvesen vil få tilsendt melding om vedtaket så snart protokollen er ferdig.

2. Vurderingar og konsekvensar

Tunnelen erstattar veg i dagen på strekninga gjennom Bjørnabakkane, frå Langaneset til Kjenganeset.

Langaneset er eit tydeleg nes om lag 1 km nord for Ugulsvik. Det sørlege påhogget av tunnelen er på Langaneset, like nord for hytteområdet. Langaneset er eit meir dominerande landskapselement og eit stadnamn som er meir kjent enn Kjenganeset. Derfor er Langaneset tilrådd som namn på tunnelen forbi Bjørnabakkane.

3. Konklusjon

Statens vegvesen meiner Langaneset er eit godt og dekkande namn på tunnelen forbi Bjørnabakkane. Vi tek atterhald om positiv uttale frå Stadnamntenesta på Vestlandet.

Fylkesdirektøren sluttar seg til Statens vegvesen sine vurderingar og vil tilrå at hovudutvalet godkjenner namnet Langanestunnelen med atterhald om positiv uttale frå Stadnamntenesta på Vestlandet.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)